

Dagskurs om mediebruk



Lillian Almstad frå Fjørå synest fjernsynstreninga var spanande.

Korleis nå ut til media med målretta informasjon om bodskapen din?

Anneli Rem
anneli@storfjordnytt.no

Dette var dagsordenen då hoppid.no, prosjekt Kvinnoasjon Møre og Romsdal og prosjekt Utstillingsvindu for kvinner i lokalpolitikken arrangerte kurs på Muritunet førre onsdag.

Praktisk retta

Kurset var lagt opp med ein teoretisk- og ein praktisk del. Kursdeltakarane skulle mellom anna få innsyn i ulike media og korleis ein



Anne Kristin Aklestad frå Valldal, Antonia Guigova frå Ålesund Kunnskaps- park og Jarle Hove frå Stordal fekk lære å bruke media meir effektivt.

journalist tenkjer. Slik skulle dei lære å vere godt budde til intervju.

I den praktiske delen vart alle deltakarane intervjuet og filma etter tur. Dei vart evaluerte og deltakarane måtte sjølve kommentere sin eigen innsats.

Lang erfaring

Oddbjørg Aasen Bjørdal var leigd inn som kurshaldar. Ho har drive Bjørdal Informasjon i eitt år.

– Eg har lang bakgrunn og erfaring om mediabruk frå begge sider av bordet, seier Bjørdal.

Ho oppmoda kursdeltaka-

rane om å vere frimodige og til å ta plass i det offentlege rommet.

– Det er teikn på eit sunt og levande samfunn at vi kan snakke og vere opne om det vi driv med, seier Oddbjørg Aasen Bjørdal.

Lærerikt

Lillian Almstad og Anne Kristin Aklestad er med i prosjekt Utstillingsvindu for kvinner i lokalpolitikken. Begge deltok på kurset og syntest det var spanande og lærerikt, særskilt den praktiske treninga med TV-intervju.

– Vi valde eit tema vi er trygge på og veit mykje om, og



Oddbjørg Aasen Bjørdal fekk mykje skryt av deltakarane på kurset.

Bjørdal stilte oss spørsmål. Det var ei ny oppleving å sjå seg sjølv på TV. Eit praktisk tips er å halde augekontakt med den som intervjuar deg og ikkje sjå i kameraet, seier Lillian Almstad.

Få deltakarar

Seks deltakarar var med på kurset. Anne Kristin Aklestad er skuffa over det låge deltakartalet. Dei hadde håpa at fleire kvinner ville delta.

– Det var eit flott kurs som mange hadde hatt nytte av å vere med på. Eg føler eg har lært mykje, seier Anne Kristin Aklestad.